


Jorunn Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 50
5994 Vikanes

Dyrkolbotn 08.11.2016

Lindås Kommune
Postmottak
Teknisk Etat / Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø



Dykkar referanse: 15/3856 – 16/28132

SPØRSMÅL OM ‘KLAGE TIL UTTALE’

Syner til dykkar brev datert 10.10.16.

Brevet er stila til underteikna, og har overskrifta:

“Oversending av klage til uttale – gbnr 247/10 Dyrkolbotn

I brevet framkjem det at underteikna blir bedt om å kome med uttale til klagen.

Vidare blir det gitt ein frist for å kome med uttale til 31.10.16.

I denne saka er det underteikna som er klagar.

Vidare har advokat Trond Lexau tidlegare tilkjennegitt han representerer underteikna i denne sak.

Så vidt kan finna ut av dykkar brev datert 10.10.16, er ikkje advokat Trond Lexau anført som mottakar av kopi av dykkar nemnde brev.

Då eg mottok brevet, trudde eg først det var stila til feil person, då det er eg som er klagar.

Etter diskutert saka med familien, er me litt usikre på kven som er rette mottakar av brevet.

Sender derfor for sikkerhets skuld, dette brev.

Ynskjer opplysa om at advokat Lexau den siste tida har vore oppteken i anna rettssak ut i inneverande veke.

Han har difor ikkje anledning til sjå på denne sak før i slutten på inneverande veke.

På grunnlag av ovanfor nemnde melder det seg nokre spørsmål:

1. Er det verkeleg slik at underteikna skal sende uttale om mi eiga klage?
2. Om svaret på spørsmål 1 er “Ja”, ber me om utsatt svarfrist til 18.11.16.
Dette på grunnlag som nemnd over, at me har vore usikre på om dykkar brev datert 10.10.16, verkeleg skulle stilast til underteikna, samt at advokat Lexau ikkje er anført som mottakar av kopi av dykkar brev og at advokat Lexau ikkje har anledning til sjå på saka før i slutten av inneverande veke.
3. Advokat Lexau har på vegner av underteikna, som overfor beskreve, sendt inn ein formell klage på vedtak om rammeløyve og delvis igangsettingsløyve.
Eg reknar med at tiltakshavar (Signhild Dyrkolbotn) har fått anledning til kommentera min klage.
Eg har no ytterlegare opplysningar om saka.
Før eg sender inn desse opplysningane, og før min klage vert administrativt behandla, ber eg om å få over sendt kopi av eventuelle merknadar frå tiltakshavar vedr min klage.

Kopi: Advokat Trond Lexau, Lille Markeveien 13, 5005 Bergen, E-Post: advokat@lexau.no

Med vennleg helsing

JD

Jorunn Dyrkolbotn
Heimshaver til gbnr 247/11